



Referat frå møte i Rådgjevande utval for Jærstrendene landskapsvernområde av 22.12.2009 Statens Hus.

Tilstades: Erling K. Sømme Kielland, Ottar Amundsen, Arild Børge Skjæveland, Bjørn Hille, Sveinung Bang-Andersen, Alf Tore Mjøs, Kjell Ove Hauge, Kari A. Grundvig, Arild Ånestad, Svein Helge Harbo, Per Kristian Austbø og Erik Roalsø.

Meldt fråfall: Leif Obrestad (Hå), Bjarte Vikeså (Rogaland heimevern), Jess Milter (Sola)

Ikkje møtt: Elisabeth Haukeli Skretting (Hå), Jørund Ubøe Soma (naturvernforbundet)

Sak 1: Kort om nye erstatningsregler for landkapsvern.

Austbø gjorde greie for nye reglar, gjeldande for Jærstrendene (og Frafjordheiane). Disse er sendt ut til alle grunneigarar, med frist innan året 2009 for å melde krav om erstatning.

Ånestad: Klarer FM å registrere og varsle alle nye eigedomsendingar og nye eigarar ?

Austbø: Prøver å ha kontinuerleg oppdatering av adresselister vha grunneigarregisteret (GABB), men problem at mange ikkje melder inn endringar. Derfor vert alle fristar og høyringar også varsla gjennom lokal presse.

Sak 2: Forvaltningsplanen: Tematisk innleiing og gjennomgang.

Austbø presenterte dei viktigaste kapitla i plandel 1, med tematisk gjennomgang. Det vart spørsmål og drøftingar som følgjer:

Sakshandsaming i verneområde i høve andre lovar og planar

Grundvig: Kva er koplinga mellom forvaltningsplanen, den nye Plan og bygningslova og dei såkalla "omsynssonar" i denne ?

Austbø: Ideelt skal det kjørast ein parallell prosess med utarbeiding av forvaltningsplan og samstundes arbeide med omsynssonar i arealdel ved revisjon av kommuneplanar. Dette føresett nært samarbeid med kommunane; tilnærminga er ikkje utprøvd i praksis ennå.

Skjæveland: Kommunar kan oppleve FM si rolle som noko uklar og uheldig, ved både å ta stilling til kommunal førehandsmelding av til dømes byggesaker etter PBL, og sidan sakshandsame dei same sakene etter verneforskriftene og naturmangfaldlova.

Austbø Vi skal ta problemstillinga med oss i møte med miljøverndepartementet medio januar.

Sand- og -grusuttak

Ånestad: Mange har rettar til sand og grus i strandsona. Ikkje lenger like aktuelt som før i gardsdrifta, men i kva grad gjeld dei gamle rettane ennå? Føringane i planutkastet er 5 m³ i året, noko som monar særers lite for aktive gardsbruk.

Austbø: Nokre har framleis bruk for sand og grus, til dømes i fjøs, grøfter, og vegar. Dersom ønskje om uttak vil det normalt kunne bli gitt dispensasjon også til større masse, men då gjeldande samla for fleire år.

Tang og tare, vrakgods

Mjøs: Peikte på følgjer for fugleliv når det vert teke ut tare frå stranda. Taren er heilt avgjerande for det rike fuglelivet, med fuglefredninga på Nærland som døme. Taretråling har tilsvarande følgjer - både for dykkande fugl og fødeopptak i tare på stranden. Kor omfattande er behovet for tarehenting i dag for gardsbruka ?

Ånestad: Særers avgrensa uttak i dag, men likevel rettar ein nødvendig vil gje frå seg.

Kielland: Er det lovleg å hauste tare i fugleområder?

Austbø nemnte tarebruk på sandjord ved Orre på 1980-talet. Tarevollar i strandsona er særers viktig også for plantelivet. Tarehenting er dispensasjonsregulert i plante- og fuglefredningsområda. Då vil FM sette klare vilkår om tidspunkt og mengde uttak, i tilfelle det vert gitt dispensasjon.

Vedlikehald grøfter og kanalar

Ånestad peikte på at det må store inngrep til for å vedlikeholde kanalar (oppgraving, kjøyring), til dømes i grøfter og kanalar gjennom sanddyner til strandflata.

Mjøs syntte til at opne bekke- og kanalsig på strandflata har særers stor verdi som habitat for vadefugl. Viktig å ta omsyn til dette ved utbetring av dreneringssanlegg.

Austbø presiserte behovet for å kunne vedlikehalde dreneringsanlegg for dei store dyrka areala, men at arbeidet må gjerast på ein skånsam måte. Normalt vil ein få løyve, med god utbetring av utgravde massar og kjøyretrase. Derfor er dette vedlikehaldet dispensasjonsregulert i plantefredningane og naturminne.

Beiting

Mjøs etterlyste straumgjerder rundt ternekoloniar, for å unngå trakkskader på reir. Det er særers viktig å velge rett type dyr (i riktig alder og tal).

Austbø: Aktivt og økonomisk fornuftig beite som samstundes tener spesielle naturverdiar er særers krevjande i dagens moderne landbruk. Fylkesmannen vil ha stort fokus på dette, i første rekke med samarbeid og bruk av økonomiske midel retta mot interesserte grunneigarar.

Taretråling

Mjøs etterlyste ny vurdering om strengare regulering av taretråling, med tanke på dei mange raudlista artane som vert påverka av trålinga.

Austbø: Etter mange års drakamp kom ein fram til dagens trålerregulering i vernesona (avgrensa felt ut av Revtingen). Det er neppe rom for nye reguleringar med det første. Tilstanden på tareskogen utanfor Orre vert overvaka kvart år av Havforskningsinstituttet

Ferdsl med hest

Mjøs: Travhestar er eit klart problem, både i høve friluftsliv og fugleliv.

Grundvig: Hestevogn (sulky) er kjøretøy, dermed regulert av motorferdsellova, og dermed forbode på stranda.

Austbø: Bruk av hest er eit klart aukande utfordring, der stadig nye hestesenter ikkje har omland for brukarane. Dermed vert strendene alternativ. Regulering av riding på strandflata

må evt. skje gjennom friluftsløva, noko som kan bli aktuelt. Likeså vil det kunne vere aktuelt med ferdselsrestriksjonar som følgje av unødig forstyrring i fuglefredningane.

Allmenne bruksinteresser

Generelt

Austbø gjorde greie for innleiande kapittel. Kan hende er nokre av kapitla (aktørar og prosjekt) for omfattande ?

Mjøs: behov for retting av uklar tekst i kap. 7.4.6 – aktørar.

Hille etterlyste semje om kva tal årleg besøkande ein legg til grunn, og korleis dette reknast. Folk bruker strendene på alle døgnets og årets tider. Orre aleine har 100 000 besøk, enda fleire på Solastrendene. Burde vere rimeleg enkelt å installere teljeapparat for å få meir samla og pålitelege besøkstal. **Hauge**: Ein tel antal besøk, ikkje antal ulike brukarar.

Ferdsl og forstyrring i fuglefredningsområda

Mjøs meinte det var klart behov for å vurdere ferdselsrestriksjonar i fuglefredningsområda, og at dagens forbodstid mot vass-sport ikkje var føremålstenleg i høve trekk- og opphaldstid for fuglane. Omgrepet ”unødig forstyrring” i verneforskrifta kan tolkast ulikt. Kan denne regelen brukast der det er naudsynt? **Kielland** sa seg samd; Jærstrendene er særskilt viktig for fuglelivet året rundt.

Austbø: Jussen er noko kompleks i så måte, sjølv om denne regelen er nytta på Listastrendene. I forvaltningsplanen vert det likevel varsla moglege nye ferdselsrestriksjonar, men dette må tas skrittvis. Viktig at vi først handhever dei reguleringane vi allereie har.

Golf og ballspel

Hille: Skal golf kunne spilles på sandstranda / strandflata?

Bang-Andersen: Uklar definisjon rundt dette. Bør formulerast betre, også det som er skrive om ”fjerning av utstyr”.

Austbø Golf var aktuelt tidlegare, derfor teken med i verneforskrifta, og følgjeleg i forvaltningsplanen. Skal rette opp dårlege formuleringar.

Hund og bandtvang

Skjæveland synte til at også uvettig hundehald har stor påvirkning på m.a. fugleliv.

Amundsen sa seg samd, og viste til behov for betre skilting på mellom anna Hellestø.

Alf Tore Mjøs: Det bør bli bedre oppsyn. For mange lause hundar. Opplever ikke ønskeleg effekt med skilt aleine.

Austbø: Det vert systematisk sett opp bandtvangskilt i alle fuglefredningsområda. Der kommunane opnar for ”prøveperiodar” i landskapsverna areal (Sola, Hellestø) er det mest umogleg å få reversert i etterkant. Skilting vert forsøkt jamnleg, men med avgrensa effekt. Vi skal følgje opp !

Kulturminne

Sveinung Bang-Hansen var kritisk til bruken av omgrepet ”brukskulturminne”. Dessutan viktig å følge ”ei adresse”-prinsipp for informasjon – det er i første rekke fylkeskommunen som sit med informasjonsansvaret om kulturminner.

Austbø: Skal rydde opp i omgrepsbruken om ”brukskulturminne” og referansar. Synte elles til Riksantikvaren sine nye og særskilt interessante nettsider www.kultursok.no

Skjøtsel og landskapspleie

Kielland lurte på om det går an å grave ned nokre av dei skjemmande steintippene, medan **Skjæveland** peikte på at desse vel også er kulturminne.

Austbø: Særs vanskeleg og kostbart å få fjerna tippene; som også er element i kulturlandskapet. Likevel mange skjemmande og til dels øydeleggande tippar i høve naturverdiar og til dømes gravhaugar.

Hille etterlyste ein meir heilskapleg skjøtels-løysing for heile kysten, til dømes av strandsjøppel. I dag er det for mange og for dårlege del-løysingar, mange ulike aktørar med uklart ansvar og kontinuitet.

Austbø sa seg samd. I dag er det likevel positivt at mange brukargrupper og kommunar blir aktivisert i arbeidet. Det må arbeidast vidare med ein meir påliteleg modell.

Informasjon, skilt og tilrettelegging

Austbø gjorde greie for arbeidet med utarbeiding og oppsetting av ei rekke informasjonstavler, i samarbeid med JF.

Hille meinte det var viktig å innvitere og informere brukarane på ein positiv måte, med utgangspunkt i kva som er lov, meir enn kva som ikkje er lov. Gjerne som ein kortfatta "journalistisk" inngress. Vil skape positiv oppleving og haldning blant brukarane.

Mjøs spurte om utkast til skilt / informasjonsplakater kjem på høyring.

Bang-Andersen viste til konkrete feil som bør vurderast nærmare.

Austbø: utkasta vert sendt pr. e-post, alle som har merknader må gi rask tilbakemelding.

Kielland tok på ny opp fuglefredningsområdet Børaunen. Der er det sterkt behov for avbøtande tiltak i høve forstyrring frå laushundar og ferdsel, jfr. tidlegare konkret framlegg.

Austbø synte til arbeidet med infotavler og kanalisering i området. Vil bli fulgt opp i 2010.

Harbo spurte korleis "Fjellteksten" blir nytta i samband med forvaltningsplanen.

Austbø: Prinsippa bak den såkalla Fjellteksten har først og fremst utgangspunkt i dei store nasjonalparkane i fjellet, men skal generelt leggest til grunn også for Jærstrendene.

Bang-Andersen ba om å få eit eksemplar av formidlingsplanen det vert synt til. Han synte til bruken av omgrepet "besøksledelse", og meinte ein må unngå bruk av omgrep som er uklare. Han peikte elles på at ein del referansar var oppgitt med feil årstall.

Austbø: Viktige innspel som skal tas til følge.

Overvaking og oppsyn

Bang-Andersen meinte definisjonen på "overvaking" er for vid og uklar. Målsettingane blir for diffuse. Har DN hatt planutkastet til vurdering ?

Austbø: Planen har vore til fagleg gjennomgang i DN, og såleis godkjent for utsending på høyring. DN har spesielt vektlagt gjennomgang av juridiske vurderingar knytt til bruksrettar. Formuleringar i kapitlet om overvaking skal vurderast nærmare.

Kort om plandel 2

Kielland: Er imponert over arbeidet. Påpeiker at ein aldri kan få ein perfekt plan.

Sak 3: Vidare planprosess for forvaltningsplanen

Hille spurte når forvaltningsplanen er klar til høyring.

Austbø: Truleg til trykking i januar, deretter på høyring med minst 6 vekers uttalefrist.

Sak 4: Eventuelt.

Sveinung Bang-Andersen: Mange gamle og slitte skilt, mellom anna på Brusand og Orre. Dette gir dårlig inntrykk for besøkande. **Austbø:** Skal prioritere fjerning av desse.

Kielland lurte på kva rettar nudistane på Orrestranden har?

Hille: Ingen spesielle rettar utover dei som gjeld for alle andre, men langvarig etablert praksis.

Austbø takka for møte og gode innspel.

Referent: Erik Roalsø/Per Kristian Austbø